



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 06.02.2018

Sak nr.: 17/9857-3

Internt l.nr. 6614/18

Sak: 4/18

Tittel: Søknad om finansiering: Forprosjekt fase 2 - Måløy Marine Ressurscenter

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å etablere eit FoU-senter i Ytre Nordfjor, då dette vil kunne bidra til å styrke den marine næringsklynga i regionen.
- 2 Innhaldet i hovudprosjektet er i tråd med mål og aktivitetar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen).
- 3 Fylkeskommunen vil støtte forprosjektet (fase 2) med omsøkt sum, kr. 400 000. Tilskotet vert dekkja med midlar som er vederlag for kapasitetsauke i oppdrettsnæringa.

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren endra tilrådinga si i siste setning i pkt 3 til:
Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å etablere eit FoU-senter i Ytre Nordfjor, då dette vil kunne bidra til å styrke den marine næringsklynga i regionen.
- 2 Innhaldet i hovudprosjektet er i tråd med mål og aktivitetar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen).
- 3 Fylkeskommunen vil støtte forprosjektet (fase 2) med omsøkt sum, kr. 400 000. Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.